



Nord-Fron kommune
Nedregate 50
2640 VINSTRA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Terje Abrahamsen, 61 26 60 64

Nord-Fron kommune - reguleringsplan for Holslågrenda - høyring

Statsforvaltaren fremmar motsegn til planforslaget. Utbygginga vil sannsynlegvis skape konflikt for seterdrifta på Holslåsetrin. Vi viser her til Innlandet sitt særlege ansvar for å sikre denne seterdrifta. Vi legg også vekt på negativ landskapspåverknad og at utbygginga bryt med nokså nyleg vedteken arealdel til kommuneplanen.

Vi viser til oversending i brev 28.06.2021 og politisk vedtak 17.06.2021 om å leggje framlegg til reguleringsplan ut til høyring og offentleg ettersyn. Samstundes viser vi til avklaring på e-post 02.09.2021 om utsett høyringsfrist. Vi viser også til våre innspel ved oppstart i brev 06.11.2020.

Bakgrunn for saka

Planområdet er på ca. 483 daa og ligg sørvest for Skåbu tettstad. Ferdig utbygd vil det binde saman eksisterande fritidsbusetnad her. Lia mellom Skardfjellet og Skåbu er i dag delvis bygd ut med eldre fritidsbustader samt nyare frå rundt 2000-talet.

Planforslaget grensar til delar av eksisterande reguleringsplanar for Skardfjellgrenda i nord (vedteke i 2003) og til Holslåa i sør (vedtatt i 1994). Planen legg til rette for å «flytte» avsette utbyggingsområde i kommuneplanen høgare opp i terrenget, til areal avsett som LNF i vedteke arealdel frå 2018. Forslaget avvik difor frå vedteken kommuneplan. Tiltakshavar oppgjer at dei avsette områda delvis er lite eigna til utbygging fordi dei er bratte, men også fordi dei har dårlegare utsikt og soltilhøve. Samla utbyggingsareal i planforslaget, som følgje av endringa i høve til vedteke kommuneplan, blir redusert.

Kommunen har tidleg konkludert med tiltaket løyser ut krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Med høyringa følgjer difor eit planprogram som greier ut relevante tema.

Ved oppstart var Statsforvaltaren særleg oppteken av at større utbyggingar bør følgje overordna plan, her kommuneplanens arealdel frå 2018, som har blitt til gjennom opne planprosessar der ein også ser den samla arealbruken i samanheng. Vi var også oppteken av konsekvensane for landskap ved å flytte utbygginga høgare opp mot skoggrensa, i eit eksponert område. Vi oppmoda også om at beitebruk og energiløysingar blei ein del av den samla konsekvensutgreiinga.



Statsforvaltarens vurderingar


Våre vurderingar er gitt tematisk under:

Landskap og (arealutnytting)

Statsforvaltaren tek til orientering at kommunen legg opp til utbygging i tråd med det tiltakshavar ønske her. Argumentasjonen for dette er todelt, slik vi ser det.

For det første av omsyn til noko mindre bratt terreng lenger opp i lia. Vi registrerer at helling i dei områda som er avsett i kommuneplanens arealdel har fall i snitt rundt 1:4, delar har brattare fall, men det er også område som er mindre bratte. Vårt utgangspunkt her er likevel at avsett utbyggingsareal i kommuneplanens arealdel er den overordna ramma for utbygginga. Påfølgande regulering må utnytte det arealet som er mogleg eller tenleg å byggje ut, innafor denne ramma.

Mindre justeringar i planområdet er ikkje uvanleg ved overgangen frå kommuneplan til reguleringsplan. Her er det ikkje foreslått ei mindre justering men i praksis ei flytting. I tillegg må ein sjå dei mogleg negative konsekvensane for landskap ved utbygging i tråd med vedtatt plan i høve til tilsvarende negative konsekvensar ved å trekkje utbygginga opp mot tregrensa her.



Kartet over markerer kote 1.015 moh med raud pil samt planområdet i nedtona farge. Nemnde høgde er grovt rekna øvre grense for både planlagt utbygging og for eksisterande utbygging i Skardfjellgrenda. Kartet viser at skoggrensa sør for Skardfjellgrenda går lenger ned, dvs. i aktuelt utbyggingsområde. Dette kan kanskje skuldast beiting, med dyr frå m.a. Holslåsetrin. Resultatet er uansett at utbygginga i Holslågrenda ligg meir eksponert enn tilsvarende utbygging lenger nord.

For det andre er argumentet frå tiltakshavar betre utsikt og soltilhøve for det nye området for fritidsbusetnad. Statsforvaltaren har forståing for at attraktivitet er ein viktig faktor når ein skal planleggje nye område for fritidsbusetnad. Dette må likevel vegast mot andre viktige omsyn i planlegginga.



I utgangspunktet gjev nye tomter for fritidsbusetnad på 2 daa ei dårleg arealutnytting. I denne saka meiner vi dette omsynet må vegast mot landskapsomsyn. I bratt terreng vil det vere meir komplisert å finne ei god landskapstilpassing for eit tett utbygging og vi kan difor akseptere relativt store tomter i denne utbygginga.

Landbruk

I konsekvensutgreiinga er det gitt ei god beskriving av dyr på beite, som er knytt til Skåbu beitelag, med både sau og storfe på beite. Det er m.a. vist til at kartlegging viser at beitet er klassifisert som godt og svært godt beite for sau, geit og storfe. Videre at beitetrykket i området er lågt, samanlikna med gjeldande tilråding om maksimalt tal sau og storfe på beite.

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at beiteområdet vil bli noko redusert, men ein antek likevel at utbygginga vil påverke beitebruken i området i liten grad. Den samla vurderinga av konsekvens på området «Naturressursar/landbruk/skogbruk» er likevel sett til *stor negativ*. Med avbøtande tiltak i planen, som inneber store hyttetomter, «grøntkorridorar» og beitekorridor som sikrar ferdsel for folk og dyr samt føresegner om gjerder er konklusjonen at samla konsekvens er *liten negativ*.

Holslåsetrin består av fire setrar som er i drift, den eine med tradisjonell bruk og mjølkeproduksjon på setra. Slåsetra er den setra som ligg nærast planlagt utbygging. Avstanden frå her til dei næraste hyttene vil bli berre 200-300 m.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at ulempene for seterdrifta på Holslåsetrin er godt nok utgreidd i konsekvensutgreiinga. Ei stor utbygging i areal med omfattande terrenginngrep og anleggsperiode som sannsynlegvis vil strekke seg over fleire beitesesongar vil kunne påverke seterdrifta negativt. I anleggsperioden vil opne grøfter og skjeringar utgjere ein barriere for beitedyra. Permanente tiltak og ferdsel når området er bygd ut vil ut frå erfaring innebere utfordringar for vidare seterdrift. Når gamla råk og beitetrakk blir blokkerte av vegar, skjeringar og hytter vil dyra oftare føle seg trua og opptre meir aggressivt. Av erfaring veit vi at dette kan skape eit høgt konfliktnivå mellom beitebrukerar og hytteeigarar.

I tillegg minner vi om endra dyrehald i landbruket med overgang til dyrerasar (storfe) med mindre oppfølging og kontakt. Dyra blir mindre vande med folk og dette kan auka konfliktnivået når dei beitar nær fritidsbusetnad og der folk ferdast.

Seterdrifta er ein viktig del av jordbruket sin kulturarv. Innlandet har Noreg sine mest aktive seterområde i Valdres, Midt- og Nord-Gudbrandsdalen samt Nord-Østerdalen. Seterdrifta og utnytting av beiteressursane i fjellet rundt setrane betyr mykje for busetting og verdiskaping i vår region. Statsforvaltaren viser her til føringar i Regionalt miljøprogram for Innlandet 2019-2022 samt Regionalt bygdeutviklingsprogram for Innlandet 2019-2022. Her er det m.a. peikt på den tilbakegangen som driftsforma er utsett for og Innlandet sitt særlege ansvar for å ta vare på seterdrifta nasjonalt.

Statsforvaltaren fremmar difor **motsegn** til planforslaget, ut frå sannsynleg konflikt som utbygginga vil medføre for seterdrifta på Holslåsetrin saman Innlandet sitt særlege ansvar for å sikre denne driftsforma. Vi legg også vekt på negativ landskapspåverknad og at utbygginga bryt med nokså nyleg vedteken arealdel til kommuneplanen.



Samfunnstryggleik

Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanen. Analysen er i tråd med rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* som Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap ga ut i 2017. Risiko og sårbarheit for fleire uønskte hendingar er vurdert. Dette gjelder blant anna overvann og avrenning til bekkar samt skred i bratt terreng. Det er utarbeidd fagrapportar om flaum og overvatn som er lagt til grunn for tiltak. Tiltak som reduserer risiko er omtalt og innarbeidd i planføresegner og plankart.

Vi viser på dette området elles til NVE si generelle fråsegn i saka.

Samordning av statlege motsegner

Samordning av statlege motsegner til kommunale planar er ei fast ordning som inneber at motsegner frå statlege styresmakter kjem samordna frå Statsforvaltaren i Innlandet til kommunen. I denne saka er det berre Statsforvaltaren som har motsegn til planforslaget, og samordning er difor ikkje nødvendig.

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Øyvind Gotehus
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Pb. 4404

2325

HAMAR

Norges vassdrags- og energidirektorat Region

Postboks 4223

2307

HAMAR

Øst

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER